


2017

Vegnorm for Hordaland

NKF nettverksgruppe Veg og trafikk



Kvam herad

Innhald

Del 1 Innleiing	3
Del 2 Administrative avgjerder	4
Del 3 Geometrisk utforming av veganlegget	6
Del 4 Teknisk utføring av veganlegg	9
Del 5 Teikningar	16
Del 6 Serskilte vilkår for Kvam herad	30

Del 1 Innleiing

Denne norma er laga med utgangspunkt i vegnorm for Kristiansand kommune, februar 2009 og er tilpassa NKF nettverksgruppa Veg og trafikk Hordaland sine behov. Norma er utarbeidd for å ivareta trafikktryggleik, bomiljø, høve for alle å komme fram, anleggskostnader, kommunal service og framtidig vedlikehald og drift av kommunaltekniske anlegg ved planlegging og bygging av bustads- og industriområde og kommunale vegar.

Norma er i stor grad basert på Vegdirektoratet sine (VD) handbøker N100 veg- og gateutforming (tidl 017), og N200 Vegbygging (tidl 018).

Vegnorma vert gjeve med heimel i § 13 i veglova, jfr. Samferdselsdepartementet si forskrift av 29. mars 2007 (sjå særleg §§ 3 og 4). Det er gjort ei forenkling med skildringar av dei viktigaste normalverdiane for kommunale vegar. Innanfor ramma av forskriftene er Vegdirektoratet gjeve ansvar for å setja fast utfyllande avgjersle. Styresmakt til å fråvike vegnormalene innanfor ramma til forskrifta er lagt til Vegdirektoratet for riksveg, fylkesutvalet for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar.

For avkøyringar gjeld òg forskrift av 1964 om «alminnelege reglar om å byggje og å vedlikehalde avkøyrslar frå offentleg veg»

I den graden detaljar og opplysningar manglar, vert det føresett bruk av VD handbøkar N100 og N200 og Norsk Standard 3420 . Ved motstrid gjeld den kommunale vegnorma føre vegnormalar/handbøker vedteke av Vegdirektoratet.

Denne vegnormalen omfattar 6 delar: og dessutan vedlegg:

- Del 1: Innleiing
- Del 2 Administrative avgjersler
- Del 3: Geometrisk utforming
- Del 4 Teknisk utføring
- Del 5: Normalprofilar og skisser
- Del 6 Særskilde vilkår for Kvam herad

Vedlegg:

- NA-Rundskriv nr 97/13 frå Vegdirektoratet
- Klassifisering av vegmurer

Del 2 og 3 skal leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar, byggeplanar, utbyggingsavtaler og ved enkeltvedtak. Del 4, 5 og 6 skal vera ei støtte i utarbeiding av tekniske planar/byggeplanar og leggjast til grunn ved, anleggsutføring, materialval og kontroll

Nye veganlegg som ikkje oppfyller kravet til denne norma skal ikkje godkjennast som kommunal veg.

Del 2 Administrative avgjerder

2.1 Virkeområde

Vegnorma gjeld for alle vegar som skal overtakast av kommunen og dessutan for alle nye vegar som gjev framkome til 4 bustadbygg/10 bueiningar eller meir og skal ha ei lengd på meir enn 50 m eksklusiv snuplass. Han gjeld òg for vegar/ stikkvegar i næringsområde med lengd meir enn 50 m. Han gjeld òg for nye vegar fram til anlegg for publikum slik som idrettsbanar, skulebygg mm. Han gjeld òg ved opprusting av eksisterande vegar.

All utbygging av nye anlegg skal vera i samsvar med VD HANDBOK V129 Universell utforming.

a. Tilhøve til eksisterande reguleringsplanar. Ved motstrid mellom vedteken reguleringsplan og denne vegnorma, går reguleringsplanen føre. Tilsvarande gjeld der det er gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen. Den tekniske gjennomføringa skal likevel følgje norma i den graden det er teknisk mogleg, såframt ikkje komplett søknad etter plan- og bygningslova er sendt kommunen før vegnorma tredde i kraft, jfr punkt c.

b. Tilhøve til påbyrja reguleringsplanar. Nye vegar må regulerast i samsvar med vegnorma såframt ikkje kommunen har motteke komplett planforslag for vurdering til offentleg ettersyn og høyring før norma tredde i kraft.

c. Tilhøve til tidlegare godkjende søknader. For etablering av nye vegar må det søkjast og vegen må bli anlagt i samsvar med norma såframt ikkje komplett søknad etter Plan- og bygningslova er sendt kommunen før norma tredde i kraft med dei avgrensingane som følgjer av punkt a.

2.2 Kommunal overtaking av veganlegg

Generelle krav

Veganlegg som kommunen skal overta for drift og vedlikehald må følgjande krav vere oppfylt:

a. Det er fatta positivt vedtak i kommunen – og/eller at partane på førehand har komme til semje om ein kommunalteknisk avtale eller utbyggingsavtale. Veganlegg som skal verte overteke for kommunalt vedlikehald skal byggjast i samsvar med gjeldande reguleringsplan, denne norma og godkjende tekniske planar – jfr 2.1 .

b. Veganlegget skal førast over til kommunen vederlagsfritt.

c. Det skal finnast ferdigattest for veganlegget.

d. Veganlegget skal overleverast som eit heilt nytt anlegg inkl naudsynste skilt og fartsdemparar.

e. Det skal haldast overtakingsforretning som normalt vert rekvirert av den som byggjer ut. Det skal førast protokoll frå overtakingsforetning.

f. Nye veganlegg skal overtakast i perioden 1. april – 1.september.

g. Vegdata (koordinatbestemt senterlinje, vegkant, skilt, sluk og veglys) skal leverast til kommunen på det formatet som vert kravt frå teknisk einig i god tid før overtakingsforretning. Den som byggjer ut skal dekkje alle kostnader ved innmåling. Anna teknisk infrastruktur som er innlemma eller høyrer til veganlegget skal målast inn på det formatet som vert kravd frå teknisk einig. Krav til innmåling sett i kommunal VA-norm, gjerast gjeldande.

h. Veganlegg skal med mindre det er gjeve dispensasjon frå Plan- og bygningslova, vere frådelt i samsvar med reguleringsplan. Veggrunnen skal gjevast eigne gards- og bruksnummer. Ved frådeling av uregulert veggrunn skal tomtegrensa vera minimum 1 m frå vegkant.

i. Store veganlegg kan overtakast i parsellvis eller trinnvis, Jfr 2.2 . j om garanti.

j. For overtaking skal det stillast sikkerheit / bankgaranti tilsvarande NS 8405, pkt 9.2, 3. avsnitt. Dvs når kontraktssarbeidet er overteke, vert denne sikkerheita redusert til 3% av kontraktssummen for tilhøve som vert påkalla i løpet av dei påfølgjande 3 år, med mindre anna er avtalt. Sikkerheita fell deretter bort, med mindre den som byggjer ut har gjort ansvar gjeldande mot entreprenøren som kan krevjast dekt av sikkerheita. Det er den som byggjer ut som er ansvarleg for å stilla sikkerheita, eller eventuelt at garantien til entreprenøren ovanfor den som byggjer ut vert transportert / overført til kommunen.

k. Drift og vedlikehald av anlegga kviler på den som byggjar ut inntil anlegga formelt er overteke av kommunen (vegeigar). Når anlegget har vore i drift i ca. 1 år innkallast det til 1 års synfaring. Det vert halde ny synfaring etter 3 år for kontroll av tilstanden på asfalt dekkja. Vegeigar innkallar til synfaringane.

2.3 Nedklassifisering

Europa-, riks- eller fylkesveg kan verte nedklassifisert til kommunal veg jfr Retningslinjer frå Vegdirektoratet – NA-rundskriv nr 97/13 gjeld - vedlegg.

Før kommunal veg kan verte nedklassifisert til privat veg, skal det gjerast politisk vedtak i kommunen.

2.4 Unntak

Det kan gjevast unntak frå denne norma. Det må finnast skriftleg grunngjeven dispensasjonssøknad som må godkjennast av vegeigar.

2.5 Revisjonar

Heile norma eller delar av han kan reviderast. Endring av norma som krev større økonomisk konsekvens, skal godkjennast politisk.

2.6 Plan- og bygningslova

Forutan å tilfredsstilla krava i denne norma, skal all planlegging og bygging vert utført av føretak, godkjent etter gjeldande reglar gjeve i, eller i medhald av Plan og- bygningslova.

Bygningsstyresmaktene handsamar søknader om tiltak og fører tilsyn i samsvar med Plan- og bygningslova.

Kommunen skal i kraft av eigarrådighet av anlegga sjå til at reglene gjeve i denne norma vert oppfylt.

2.7 Definisjon

- «vegeigar» - med omgrepet vegeigar vert meint den avdelinga/seksjonen i Kommunen som har det administrative ansvaret inkl drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet
- «bueining» - med omgrepet bueining meinast bustad med eitt eller fleire rom og med separat inngang, og dessutan eige bad/wc og kjøkkendel.
- «kommunalteknisk avtale» - med omgrepet kommunalteknisk avtale vert meint avtale som er inngått mellom den som byggjer ut og kommunen. Teknisk avdeling når det gjeld utbygging og overtaking til drift og vedlikehald, av veg -, vass - og/ eller avløpsanlegg og annan teknisk infrastruktur.

Del 3 Geometrisk utforming av veganlegget

Dette hovudkapittelet skal nyttast ved regulering av nye vegar, bygging av nye vegar og dessutan opprusting av gamle vegar. – jfr 2.1 .

3.1 Vegtypar

Det kommunale vegnettet vert delt inn i følgjande standardklasser:

- a) **Samleveg**: forbindelsesvegar innanfor område, veg til bustadsområde, veg til næringsområde, veg med busstrafikk eller veg til andre offentleg anlegg (idrettshall og banar, skular, større kulturbygg)
- b) **Adkomstvegar (tilkomstvegar)**: stikkvegar i bustads- og næringsområde og andre typar vegar. Herunder høyrer òg bygdevegar med under 50 bueiningar.
- c) **Gang-/sykkelvegar**: vegar for gong-/sykkeltrafikk skilt frå køyreveg.

3.2 Standardklassar

Standardklassa til vegen er avhengig av funksjonen til vegen, mengd bueiningar og omgivnader. For å anslå trafikkmengda til vegen, vert nytta mengd bueiningar multiplisert med 7. Ved val av standardklasse må det òg vurderast potensiale for framtidig utbygging i tilknytning til ein veg. Vegtypane vert inndelt i følgjande standardklasser:

Samleveg klasse Sa1 og Sa2 .

Adkomstveg (tilkomstveg) klasse A1 og A2 .

Gong-/sykkelveg GS-veg

I tillegg har ei klassa Privat felles adkomstveg - veg for 9 bueiningar eller mindre.

Kommunen (vegeigar) kan velja ut område der klassa Sentrumsområde skal nyttast.

Om dimensjonerande fart vert valt høgare enn 50 km/t, skal klassa veljast etter VD N100 Veg- og gateutforming - hovudveg 1 eller høgare.

3.3 Samleveg Sa1 og Sa2 (sjekk overskrift i høve andre)

Sjå kapittel del 5 for Normalprofil og del 6 for tabell

3.4 Adkomstveg (tilkomstveg) A1 og A2

Sjå kapittel del 5 for Normalprofil og del 6 for tabell

3.5 Gang-/sykkelveg GS-veg

Sjå kapittel del 5 for Normalprofil og del 6 for tabell

3.6 Privat felles tilkomstveg

Sjå kapittel del 5 for Normalprofil og del 6 for tabell

3.7 Sentrumsområde

Sjå kapittel del 5 for Normalprofil og del 6 for tabell

3.8 Frisiktsoner

Langs samleveg og adkomstvegar skal frisiktsoner i kryss og avkøyrse verta regulert som offentleg vegggrunn og klausulerast gjennom reguleringsføresegner.

Rører frisiktlinjene annan grunneigar skal tinglyst fråsegn vedleggjast byggesøknad. Ordlyd i fråsegna: «Det kan ikkje under nokon omstende byggjast eller verte etablert nokon form for hindringar i frisiktsonene».

Innanfor frisisiktsoner vert det ikkje tillate vegetasjon, murar, gjerde eller lignande høgare enn 0,5 m over nivået til tilstøytande vegar. Sjå kapittel del 5 . Normalprofil og del 6 – Særskilde vilkår.

3.9 Busshaldeplassar

Busslommer vert utforma med innkjøringslengd, oppstillingslengd og utkjøringslengd på høvesvis 30, 20 og 15 m - sjå del 5 . Normalprofilar - teikning 8.

Haldeplassar må ikkje leggjast i eller ved utgangen av innerkurver (av omsyn til sikt for sjåfør ved utkjøring) eller i stigning større enn 40‰.

På vegar med ÅDT < 1.000 og fartsgrense < 50 km/t kan haldeplassar utformast utan busslomme med repos på 2,5 x 15 m for av- og påstigande passasjerar. Repos bør liggja i tilknytning til fortau eller gong-/sykkelveg.

3.10 Rabatt mellom gong-/sykkelveg og samleveg

Rabatt vert fortrinnsvis etablert med 2,0 m breidd på begge sider. Ved kostbart terreng eller tett busetnad nær vegen, kan rabattbreidda reduserast til min. 1,0 m med fysisk skilje mellom veg og g/s-veg. I eksisterande busetnad vert vurdert spesialløyisingar ut frå tilgjengeleg plass. Rabatten skal lagast som eit fordrøyningsbasseng for overvatn.

3.11 Parkeringsplassar

Parkeringsplassar vert fortrinnsvis utforma vinkelrett på snuareal med minimum 2,5 m breidd, 5 m lengd og 6 m manøvreringsareal (inklusive vegbreidde). HC-parkeringsplassar vert utforma med 4,5m breidd.

Parkeringsplassar bør fordelast rundt i eit bustadsområdet med eigen avkøyrse, men plassar for færre enn 4 bilar bør unngåast. Avstand mellom bustad og gjesteparkeringsplass bør ikkje overstiga 150 m.

Parkeringsplassar skal ha maksimal stigning 50‰ (både i breidd- og lengderetning).

Parkeringsplassar bør ikkje leggjast inntil leikeareal.

Parkeringsplassar i bustads- og næringsområde inngår ikkje i det offentlege vegnettet. Det vert føresett at private gjesteparkeringsplassar er tilgjengelege heile døgnet og vert markert med skilt.

3.12 Snuplassar

Snuplassar i bustadområde i enden av blindveggar vert utforma som vendehammar med 24 m lengd eller rundkøyring med 10 m ytre radius. Maksimal lengd på arm i vendehammar er 30 m.

I næringsområde nyttast rundkøyring med 13 m radius. Mindre stikkveggar i næringsområde kan utformast som vendehammar dimensjonert for SP eller L. Alle snuplass skal ha maksimal stigning 50‰. Øvrig utforming sjå del 5 . Normalprofilar – teikning 9 .

Det må avsetjast min. 3 x 6 m til snøareal ved enden av kvar del av vendehammar. Avkøyrse / felles veg over snøopplag vert ikkje tillate.

3.13 Støyskjerming

Støyskjerming i utbyggingsområde bør fortrinnsvis skje med jordvollar av omsyn til estetikk. Skjermhøgder over 2,5 m skal ikkje finnast. Låg skjerm med gjerdeutforming på låg jordvoll bør det streves etter framfor høg skjerm.

Dersom ÅDT > 1500 skal det utførast støyberekning.

Støyskjermar gjev best effekt nærast vegen, men må ikkje setjast slik at dei kjem i konflikt med sikt i kryss og avkøyrse. Minimumavstand frå skjerm til skulderkant samleveg og adkomstveg/tilkomstveg er 1,5 m, til skulderkant gong-/sykkelveg og fortau 1,0 m.

Vedlikehald av skjermar i nye bustadområde skal utførast av bustadseigarane. Krav om dette skal takast inn i reguleringsføresegner og tinglysast på tomtene. Støyskjermar vert regulert inn på byggjeområde.

Del 4 Teknisk utføring av veganlegg

Dette hovudkapittelet skal nyttast ved utarbeiding av tekniske planar for framtidige kommunale vegar og utbetring av eksisterande vegar.

4.1 Overbygning

	Gang/sykkelveg/For- tau 1)	Adkomstveg/P- plass	Samleveg
Slitelag	5 cm Agb11 (125 kg/m ²)	5 cm Agb11 (125 kg/m ²)	5 cm Agb11/ Ma11 2) (125 kg/m ²)
Bindlag / øvre berelag		5 cm Ag	5 cm Ag
Nedre berelag	10 cm puk 0-32	10 cm puk 0-32	10 cm puk 0-32
Forst.lag på T1	50 cm	50 cm	50 cm
Forst.lag på T2	50 cm	50 cm	50 cm
Forst.lag på T3	50 cm	100 cm	100 cm

- | | | |
|----|--------------------|---|
| T1 | - Ikkje telefarleg | - Fjellskjering, steinfylling, grus og sand velgradert og einsgradert |
| T2 | - Ikkje telefarleg | - Grus, sand og mødrene med litt finstoff |
| T3 | - Telefarleg | - Grus, sand, og morene med mykje finstoff, silt, leire, myr |

Minste tjukkileik forsterkingslag uansett grunnforhold er 50 cm.
Ved fjellgrunn må det verte sprengt ytterligare 50 cm under fjellgrunnen.

Det skal nyttast fiberduk under forsterkingslag i ved type T2 og T3 .
På blaut undergrunn vert nytta vegarmering under forsterkingslag og i forsterkingslag. Mengd lag og utføring i samsvar med anbefaling frå produsent og VD HANDBOK N200 og V221 .
Der det er behov for redusert belastning på blaut undergrunn, kan letta fyllmassar nyttast – jfr VD HANDBOK N200 .

Dersom gong- og sykkelveg skal brukast som adkomstveg til bustader skal han dimensjonerast som ein adkomstveg.

«Mykasfalt» kan nyttast på samleveg med liten trafikk og utan mykje punktbelastning/vridning, då etter avtale med vegeigar.

Materialkrav og utføring av vegdekke og bærelag skal vera i samsvar med Handbok N200 Vegbygging. Bruk av fresemassar må avtalast særskilt med vegeigar.

På adkomstveger og samleveg skal øvre bærelag fungera som anleggsdekke og mellombels dekke. Slitelaget skal leggast etter at mesteparten av bustadsbygging og opparbeiding av tomte er ferdig, men innanfor ein tidsramme på min. 1 år og maks. 2 år etter det øvre berelaget vert lagt.

4.2 Gatestein/heller/belegningsstein

I sentrumsområde vert dekke og utføring på gate; veg eller fortau teke i samråd med kommunen (vegeigar).

For teknisk utføring og dimensjonering vert det vist til VD HANDBOK N200 og NS 3420-K2.

4.3 Ledelinjer for blinde og svaksynte

I gågater og på viktige fortau i sentrale strøk og dessutan busshaldeplassar vert lagt ledelinjer og varselmarkeringar ved gangfelt o.l. i samsvar med VD HANDBOK V129 Universell utforming.

4.4 Kantstein

I sentrumsområde vert det nytta granittkanstein i samråd med vegeigar.

I bustadsområde og næringsområde vert nytta glidestøypt betongkantstein med høgd 16 cm i fortau, rabattar og trafikkauge. Ved rette hjørne/knekkpunkt skal det ikkje nyttast, min. 2 m hjørne-radius skal nyttast, sett bort frå på øyspisser.

Busslommer skal ha kantsteinhøgd på 18 cm (av omsyn til innstigning for bevegelseshemmede).

Ved gangfelt og avkøyrslar skal kantstein ha høgd 2,5 cm. Nedsenking ved gangfelt og avkøyrslar vert gjort over ei lengd på 1,5 m til kvar side.

Fortau vert avslutta i kryss med låg (4-5 cm) kantstein med asfaltkile. Kantsteinen bør svingast inn i sideveg.

Mellom sykkelveg og fortau vert ikkje sett-avvisande kantstein med høgd på 5 cm.

4.5 Rabatt mellom gong-/sykkelveg og samleveg

Min. rabattbreidd for treplanting og grasdekke er 1,5 m inkl. kantstein. Ved lange samanhengande rabattar (> ca. 100 m) nyttast grasdekke når rabattbreidd er min. 1,0 m inkl. kantstein. Skilt, lysmaster og tre må plasserast slik at klyppemaskiner kan passera utan å måtta gå ned av rabatten (plassering mot sidene). Det vert steinsett rundt lysmaster og skiltfundament i rabattar.

4.6 Trafikkauge

Øyar med breidd < 1,5 m helleleggjast. Gangfelt vert ført gjennom trafikkauge med 2,5 cm høg kantstein.

4.7 Areal mellom vegkant og eigedomsgrense

Sidearealet vert avgrensa normalt som open grøft med maks. helling 1:4 og djupn 20 cm. Grøfta vert belagt med pukk 0-32 i min. 20 cm tjukkeleik. I bakkar med stigning > 70‰ skal det vurderast å nytta asfalttert grøft.

4.8 Avkøyrringar

I avkøyrringar skal fortau vera gjennomgåande og kantstein skal ha ei høgd på 2,5 cm med asfaltkile. Bakkanten til fortauet skal ikkje ha nedsenking.

I avkøyrslar vert det lagt stikkrenner med min. 200 mm diameter eller grøftesluk på overside. Brukar av avkøyrringa har vedlikehaldsansvar av stikkrenner. Dette skal tinglysast på den enkelte eigedomen av den som byggjar ut.

Avkøyrringar skal utformast som vist under del 5 . Normalprofilar – teikning 6 og 7 og dessutan del 6 – Tabellar.

4.9 Sluk/drenering/overvatn

I utbyggingsområde leggjast lukka drenering med grunne opne grøftar til *grøftesluk der det ikkje er kantstein.

I utgangspunktet skal overvatn frå nye veganlegg inkl parkeringsplassar ol fordrøyast på området til vegen. Om dette ikkje er mogleg, skal lukka overvass-system etablerast. Overvatn kan ikkje førast til avløpsledning, utan særskilt løyve frå VA-etaten

Til overvatn nyttast leidningar av betong eller plast med min. 200 mm innv. diameter. Leidningar skal leggjast med min. 5‰ fall.

Sluk med sandfang og sandfangkummar skal normalt ha diameter min. 1,0 m. I eksisterande område med mykje kablar kan diameter innv. 0,65 m nyttast. Min. djupn under utløp skal vera 1,0 m. Overvatnet skal fordrøyast før det vert ført vidare til overvassleidning. Det må leggjast fram særskilt plan for dette. Dessutan vert det vist til gjeldande vass- og avløpsnorm for kvar kommune.

4.10 Skjeringar/fyllingar/grøntanlegg

Arbeider med grønntanlegg utførast etter NS 3420-K2 .

Fjellskjeringar vert utført med fall 10:1 – i tettbygd strøk 5:1 . Skjeringar over 10 m skal ha avtrapping. Min. breidd på fjellhulle utan vegetasjon/lausmassar = 1 m. Sidetak for stein og tippas for overmassar skal arronderast med jord og tilsåast. I skjeringar ved sidetak vert lagt steinkant ca. 0,6 m høg langs ytterkant vegggrøft – sjå bilete i vedlegg Vegmurar.

Jordskjering vert anlagt med fall 1:2

Steinfylling vert anlagt med fall maks. 1: 1,5 jordkles og tilsåast.

I utmark- og utbyggingsområde nyttast stadlege reine jordmassar på skråningane. I tettbygd strøk/sentrumsområde nyttast sikta jordmassar. Opparbeiding og tilsåing vert avtala i kvart enkelt tilfelle.

I parkområde vert det avtala beplantning og jordval med vegeigar i kvart enkelt tilfelle..

4.11 Vegrekkverk/støpekanter

Rekkverk skal setjast opp for sikring av skråningar etter kriteria:

Skråningshelling	Maks. skråningshøgde utan rekkverk
> 1 : 1,5	1,0 m
1 : 1,5	2,0 m
1 : 2	4,0 m
1 : 2,5	6,0 m
< 1 : 3	rekkverk ikke nødvendig

Høgda på stålrekkverk skal vera 0,75 m. Støypekant skal ha styrkeklasse N1(høgde min. 0.5 m). Rekkverk/støypekanter må ikkje plasserast i siktsoner. Avstand frå rekkverk/støypekant til køyrebane kant (kvit stripe) skal vera min. 0,5 m. Denne breiddutvidinga vert asfaltert. Vanleg rekkverk i stål skal ikkje nyttast i tettbygde område av omsyn til estetikk.

Brurekkverk skal utførast «klatresikkert» i samsvar med brunnormalane. Brurekkverk i stål kan pulverlakerast. Dette vert vurdert ut frå estetikk og tilpassing på staden i samråd med vegeigar – sjå normalprofilar.

Murar langs gang- og sykkelveggar som er høgare enn 2 m, skal ha klatresikkert rekkverk.

Det vert vist til VD HANDBOK V160 Standard rekkverk.

4.12 Sikringsgjerder

Sikringsgjerder (1,2 m høgt flettverksgjerde med 2.5 m stolpeavstand) vert sett opp på toppen av bratte fjellskjeringar høgare enn 3 m. Gjerda skal verte beskytta mot rust og ha grønfarga

plastbelagt overflate. Sikringsgjerdet mot tomt skal stå på privat tomtegrunn og ha privat vedlikehold. Dette vedlikehaldsansvaret skal tinglysast på dei aktuelle eigedomane.

I bebygde område setjast sikringsgjerdet på forstøtningsmurar som er 1 m høgare enn vegbanen.

4.13 Leskur og busslommer

Leskur skal normalt plasserast på alle haldeplassar, fortrinnsvis ved inngangsdøra til bussen når denne står på haldeplassen. Der det er mest berre avstigande passasjerar, skal leskur sløyfast. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg plass, skal benk monterast.

Det vert fortrinnsvis nytta leskur av betong universelt utforma. Det vert i tillegg vist til VD HANDBOK V129 for utforming av haldeplassen.

På haldeplassar utan leskur (avstigningsplassar) vert det sett stolpe med busskilt rett vis a vis der bussen stoppar med fordør. Informasjonstavle vert sett i høgd 1,2 m. Tavla bør vendast slik at den står best mogleg i tilhøve til vegbelysning.

Kantsteinhøgd ved busslommer skal vera 18 cm og fallet skal leggjast frå kantstein mot køyrebane. Kumlokk og slukrister bør unngåast i busslomma.

Naudsynt plass til rullestol må sikrast (diameter 1.4-1.6 m). Utstyr (skiltstolpar, lysmaster, benker m.m.) må ikkje plasserast som hindringar i naturlege ganglinjer.

Gjennomgåande G/S- veg skal fortrinnsvis førast bak leskur.

4.14 Sykkelsluser og bilsperrer

På stadar med svært dårleg oversikt eller der syklistar får høg fart, vert det sett sykkelsluser som vist i del 5 . Normalprofilar – teikning 11 . Sperrer og-sluser skal alltid utstyrast med refleks.

4.15 Fartsdemparar

Fartsdemparar i 30-soner skal utformast som sirkelsegment med 10 cm høgd og 4,0 m lengd. Overgang mot vegbane vert frest over ca. 0,25 m lengd.

Fartsdemparar og opphøgde gangfelt i 40-sonar og i spesielle tilfelle 50 sonar, vert utforma som busshump eller «bussputer» Overgang mot vegbane vert frest over ca. 0,50 m lengd. Putene må leggjast slik at det ikkje kan køyrast mellom eller til sidan for desse.

Fartsdemparar må ikkje anleggjast i gater og vegar med dårlege grunnforhold og bratte bakkar. Sjå i tillegg VD HANDBOK V128 for utforming av humpar. Fartsdemparar og naudsynte skilt skal vera på plass før overtaking av veg.

4.16 Skilting/merking

Skilt og oppmerking vert i samsvar med utført VD HANDBØKER N300 (tidl 050) Trafikkskilt og N302 (tidl 049) Oppmerking.

Det skal som hovudregel ikkje vert anlagt gangfelt i 30-sonar. Midtlinjer og kantlinjer skal ikkje merkast på samleveggar med fartsgrense under 50 km/t og ÅDT mindre enn 2000 .

Gangfelt i samleveggar skal ikkje skiltast og vert merkt før det er gjort trafikkteljingar som viser at mengder kryssande fotgjengarar og biltrafikk overstig minimumskravet (min. 20 fotgjengarar i maks.timen og ÅDT > 2000).

For gjesteparkeringsplassar vert det satt opp skilt nr. 522, parkering, og underskilt som viser 24 timar begrensning på tid.

Skilting skal utførast etter skiltplan signert av vedtakstyresmakt og påførd dato for skiltvedtak.

Alle skilt setjast på galvaniserte 60 mm stolpar. Skiltbaksider og stolpar vert lakkert i sentrumsområde. I desse områda vert det òg nytta innrammingbøylar.

Skiltstolpar vert montert i fundament som vert støypt fast i grunnen. Skilt vert montert i høgd over vegbane i hht vegvesenet sine skiltnormalar. Skilt bør plasserast på eksisterande lysmaster av stål. Skiltstolpar vert plassert 1,25 m utanfor asfaltkant og ca. 0,5 m frå kantstein slik at næraste side av skiltet kjem min. 0,30 m frå kantstein..

Merking av rumlefelt for syklistar utførast på spesiell farlege stadar der syklistar held høg fart. Merking vert gjort med 5 mm høge og 10-15 cm breie plaststriper i følgjande avstandar og rekkjefølgje frå farepunktet: 3 stk. i 1,5 m avstand, 2 stk. i 2 m avstand, 1 stk. i 3 m avstand og 1 stk. i 5 m avstand.

4.17 Støyskjerming

Skjermar utførast i royalimpregnert trevirke med tverrbord mot bakken av saltimpregnert tre etter Nordisk klasse A. Utforming vert tilpassa nabolag.

Støyskjermar må det søkjast om etter Plan og bygningslova. Fare for støyrefleksjon mot naboar skal bereknast/vurderast. Støyvollar skal ikkje verte beplanta over 0,5 meter.

4.18 Undergangar og gangbruer

Fotgjenarundergangar vert bygd med min. 4 m breidde og 3 m fri høgd. Undergangar skal ha innvendig hærverksikker belysning, sett bort frå turvegunderganger. Gang og sykkeltrafikk vert separert med min. 1,5 m fortau og min. 2,5 m sykkelveg i undergangar. Innersvingar skal ha radius som sikrar tilfredstillande sikt.

Gangbruer skal ha min. 3 m fri breidde og vert dimensjonert for å tola trafikk av vedlikehaldskøyretøy.

Gangbruer og undergangar skal plass-vert støypt av omsyn til estetikk. I spesielle tilfelle kan prefabrikerte undergangar veljast.

4.19 Vegmurar

Der plassen tillèt det, bør steinmurar nyttast av omsyn til estetikk. Utforminga avheng om der murane skal setjast opp. I sentrums- og bustadsområde skal det nyttast klasse A-murar, i øvrig tettbyggt område klasse A eller B- murar og i utmarkområde/LNFområder kan det nyttast C-murar. Det vert vist til eige vedlegg med døme på klassifisering av vegmurar og dessutan til VD HANDBOK 270 Tørrmuring med maskin .

4.20 Tunnelar/bruer

Planlegging og utforming av tunnelar skal følgja VD HANDBOK N500 Vegtunnelar.

Veg gjennom tunnelar og bruer skal ha same standardklasse som tilstøytande veg.

4.21 Gatemøblar

Gatemøblar vert fortrinnsvis plassert på stadar med eige belegg, utanfor gangbanar i fortau og gågater og slik at dei ikkje hindrar «framkommeligheit» for rullestolbrukarar, blinde, svaksynte, varelevering og vedlikehald.

Vegeigar kan gjera eigne vedtak om fargeval og utforming for gatemøblar, lysmaster og kableskåp mm.

4.22 Kablar og ledningar

Kablar vert lagt med min. 0,6 m overdekning i veg.

Alle kabel- og ledningsanlegg skal verte innmålt digitalt i open grøft og data skal leverast i GIS til vegeigar.

Kabel- og sikringsskap skal setjast inn til eigedomsgrense og min. 1 m frå asfaltkant veg i nye bustadområde. Dør på skap må vende vekk frå vegen. Skapa må ikkje plasserast i kryssområde (aht. snørydding). Skapa skal fortrinnsvis plasserast inntil lysmaster og på ein slik måte at dei ikkje hindrar brøyting/feiing.

Lokk til kabelkummar skal vera i samsvar med NS1992 og rammene i samsvar med NS 1990 . Lokk skal merkast høgspenstmerke. Det skal nyttast flytande rammer og dei skal ha tilstrekkeleg sikring mot at born og uvedkomande skal kunna opna dei.

Varmekablar i fortau kan tillatast etter søknad til vegeigar. Varmekablar i offentleg veggrunn vert lagt på generelle vilkår og må flyttast for eiga rekning v/omlegging/vegarbeid etc. Kablane må merkast med skilt på fasade.

4.23 Graving i kommunale veger.

Alle som skal grava i kommunale gater, vegar og plassar må søkja kommunen om graveløyve før arbeidet startar. Pålegg eller retningslinjer gjeve i løyve må fylgjast.

Gravereglar er skildra i "Retningslinjer for gravearbeid i kommunal veg.", ref. nettsida til kommunen. Etter at arbeid er utført skal dette dokumenterast, og kommunen kan be om befarung.

Gravemeldingsskjema (Graving i veg – søknadsskjema) får ein ved førespurnad til kommunen (vegeigar).

4.24 Tekniske planer for vegar - teikningsoversikt.

Ved innsending av planar for godkjenning skal følgjande teikningar finnast.

- C-teikning, plan og profildeikning
- F-teikning, normalprofil og overbygning
- G-teikning, dreneringsplan med kumtegninger
- H-teikning, VA- ledninger
- I-teikning, kablar og linjer
- J-teikning, byggeteknisk
- L-teikning, skilt og oppmerkingsplan
- N-teikning, belyningsplan
- U-teikning, tverrprofiler

Teikningane vert sendt i 2 eksemplar og vert levert normalt i A3- format. Om naudsynt vil det kunna krevjast A1-format.

4.25 Dokumentasjon/innmåling ved overtaking av nyanlegg.

Innmåling.

Alle nye vegar og veglysanlegg inkl lednings- og kabelanlegg vert målt inn. Måledata vert levert vegeigar på SOSI-format, med koding etter gjeldande SOSI- og FKB-standard. Desse definerar kva for objekt som skal målast inn, koding av data, og dessutan korleis objekta skal registrerast. (Til dømes kor på objekta høgda skal målast). Det skal i tillegg følgja med eit plott eller ein PDF-fil som visar situasjonen av dei innmålte data.

Følgjande element skal innmålast:

- asfaltkantar
- kantsteinlinjer
- gatesluk
- overvannsleidningar
- veglysmaster
- veglystennskap
- veglyskablar i trase
- kabelanlegg
- Vegdata ihht NVDB sin datakatalog


Dokumentasjon

- registrering av materiell og bestykning
- dokumentasjon til sikkerhetskrav i forskrift om elektriske lavspenningsanlegg kapittel V.
- egenerklæring etter forskrift etter elektriske lavspenningsanlegg §12
- kopi av tinglyste erklæringer på vedlikehold/ansvar av gjerder jfr 4.12


Tverrprofil

Jamfør punkt 3.3

Samleveg Sa1 med fortau < 250 bueiningar



Samleveg Sa2 med gang-/sykkelveg: >250 bueiningar m.m



Tverrprofil

Samleveg

Vedlegg:

1

Mål:


1:100

Vegnorm Hordaland 2015


Tverrprofil

Jamfør punkt 3.4

Tilkomstveg A1 < 50 bueiningar



Tilkomstveg A2: > 50 bueiningar



Tverrprofil

Tilkomstveg

Vedlegg:

2

Mål:


1:100

Vegnorm Hordaland 2015


Tverrprofil

Jamfør punkt 3.5 og 3.6


Gang-/sykkelveg, stiging < 8 %



Overordna gang-/sykkelveg, stiging > 8 %



Privat veg



Tverrprofil

Gang- /sykkelveg
Privat veg

Vedlegg:

3

Mål:


1:100

Vegnorm Hordaland 2015


Frisiktsoner til samleveggar

Jamfør punkt 3.8

Samleveg



Samleveg med gang-/sykkelveg/fortau



Frisiktsoner	
Fart	LS
30 km/t	30 m
40 km/t	48 m
50 km/t	65 m
60 km/t	85 m

Frisiktsone

Samleveg

Vedlegg:

4

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015


Frisiktsoner til tilkomstvegar

Jamfør punkt 3.8

Tilkomstveg A1-veg



Tilkomstveg A1-veg med fortau



Frisiktsoner	
Fart	LS
30 km/t	30 m
40 km/t	48 m
50 km/t	65 m
60 km/t	85 m

Frisiktsone

Tilkomstveg

Vedlegg:

5



Mål:

Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015

Frisiktsoner til avkøyrslø med mindre enn 10 bueiningar

Jamfør punkt 3.8



Frisiktsoner	
Fart	LS
30 km/t	30 m
40 km/t	48 m
50 km/t	65 m
60 km/t	85 m

Frisiktsone

Avkøyrslø

Vedlegg:

6

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015


Detaljteikningar for avkøyrslø

Jamfør punkt 4.8


Detaljteikning for avkøyrslø



Lengdeprofil for avkøyrslø



Avkøyrslø over fortau



Frisiktsone

Detaljteikning for avkøyrslø

Vedlegg:

7

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015

Busslomme

Jamfør punkt 3.9

Busslomme



Busslomme
Nedsenka kantstein

Vedlegg:

8



Mål:

Ikkje i målestokk

Vegnormal Hordaland 2015

Snuplassar

Jamfør punkt 3.12



Dim. køyrety	Radiar			
	R1	R2	R3	R4
SP	13	5	20	40
L	12	6	15	35
LL	10	6	12	15

Snuplassar

Vedlegg:

9

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015


Rekkverk og skiltstolpefundament

Jamfør punkt 4.11



Plassering av rekkverk



Plassering av betongrekkverk



Skiltstolpefundament



Stolpe-diameter 60 mm
Stolpedjupne 35 cm

Rekkverk og
skiltstolpefundament

Vedlegg:

10

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnormal Hordaland 2015


Sluser

Jamfør punkt 4.14


SYKKELSLUSE



SYKKELSLUSE



BILSPERRE



Sluser
Sykkelsluser
Bilsperre

Vedlegg:

11

Mål:


Ikke i målestokk

Vegnormal Hordaland 2015

Vegoverbygging

Jamfør punkt 4.1

Samleveg



Vegoverbygging

Samleveg

Vedlegg:

12

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015

Vegoverbygging

Jamfør punkt 4.1

Tilkomstveg



Vegoverbygging

Tilkomstveg

Vedlegg:

13

Mål:


Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015

Vegoverbygging

Jamfør punkt 4.1

Gang/sykkelveg/fortau



Vegoverbygging

Gang/sykkelveg/fortau

Vedlegg:

14

Mål:

Ikkje i målestokk

Vegnorm Hordaland 2015

Del 6. Særskilde vilkår for Kvam herad

(knytt til kapittel i hovuddokument)

Del 1

Regelverk som gjeld i tillegg til punkt under del 1 i hovuddokument:

- Retningsline for graving i offentlig veg- og gategrunn av 1.1 .2011
- Gjeldande VA-norm for Kvam herad (VA-norma er førehandsgodkjende løysingar).

Del 2

2.2 Kommunal overtaking av veganlegg

Følgjande spesielle reglar gjeld for kommunal overtaking av veganlegg i Kvam herad:

Nye vegar:

Veg til bustadområder skal som hovudregel berre regulerast og overtakast som kommunal samleveg eller tilkomstveg dersom den er minst 150 meter lang og fører til minst 50 bueiningar.

Eksisterande vegar:

Regulerte private vegar skal ikkje overtakast av kommunen.

Uregulerte private vegar skal som hovudregel berre overtakast av kommunen dersom den er minst 150 meter lang og fører til minst 50 bueiningar.

Ved overtaking av eksisterande vegar skal følgjande minstekrav vera oppfylt:

- Det skal vere krav til snuplass/snuhammar for stort brøyteutstyr (traktor/lastebil) i enden på vegen (sjå pkt 3.12).
- Det skal vere lys ved snuplass/snuhammar.
- Det skal fylgje med eit område for skilting og legging av snø langs vegen.
- Minstebreidd 4 m og med fast dekke (asfalt).

Før overtaking skal det gjennomførast ei synfaring med kommunen, og der kommunen har høve til å setje krav til utbetring av vegen og tilhøyrande infrastruktur før vegen vert overtatt som kommunal veg.

2.3 Nedklassifisering

Før kommunal veg kan nedklassifiserast til privat veg, skal det gjerast politiske vedtak i kommunen.

Ved vurdering av om ein veg skal nedklassifiserast, skal det særleg takast omsyn til lengda på vegen, talet på bueiningar som vegen fører til, samt om vegen fører til bustadområde, fritidsbusetnad, næringsområder eller eigedomar som er særleg viktige for kommunal drift.

Der kommunal veg berre går til fritidsbusetnad, skal det vurderast nedklassifisering til privat veg, eller etablering av bom med betaling for å dekke drift/vegvedlikehaldet.

Som hovudregel skal kommunale vegar som fører til bustadområder og som er lengre enn 150 meter ikkje nedklassifiserast til privat veg. Tilsvarende skal kommunal veg som fører til meir enn 10 bustadeiningar som hovudregel ikkje nedklassifiserast til privat veg.

Sjølv om kommunal veg som hovudregel ikkje skal nedklassifiserast i desse tilfella, kan lengda på den kommunale vegen justerast til å verta avslutta ved ein naturleg snuplass/snuhammar.

Sjølv om offentleg veg vert nedklassifisert til privat veg, kan kommunen framleis stå som eigar eller deleigar av vegarealet dersom ei avveging av kommunen sine interesser opp mot vurdering av rett til naturskadeerstatning tilseier dette.

Del 3

3.3 Samleveg Sa1 og Sa2

Normalprofilet	Sa1 < 250 bueiningar (ådt <1750)	Sa2 > 250 bueiningar eller buss/næringsveg el likn (ådt >1750)
Reguleringsbreidd eks. skjering/fylling	min. 15,0 m + utviding av breidde	min. 16,0 m + utviding av breidde
Asfalt breidde	5,75 m + utviding av breidde	6,75 m + utviding av breidde
Grusskuldra mot grøft	0,25 m	0,25 m
Asfaltskuldra mot rekkverk/støypekant	0,50 m	0,50 m
Grøft	1,0 m frå vegkant, 1,0 m frå fortauskant	1,0 m frå vegkant, 1,0 m frå g/sv-kant
Byggeavstandar		
Avstand frå reguleringsgrense veg eller eigedomsgrense, til bygning	min. 4,0 m	min. 4,0 m
Avstand frå reguleringsgrense veg eller eigedomsgrense til bygning på innerkant fortau/gs-veg	min. 4,0 m	min. 4,0 m
Fortau ***	min. 2,75 m asfalt + 0,25 m grusskulder	det vert nytta gs-veg – fortau vert nytta kun etter avtale – v dim < 40 km/t
Gang-/sykkelveg (gs-veg)**	Vert nytta der strekning inngår i samanhengande gs-veg	min.2,75 m breidde på asfalt+ 0,25 m skuldar
Tverrfall/overhøgð	min./maks 30/60 ‰	min./maks 30/60 ‰
Linjeføring		
Dimensjonerande hastighet	50 km/t	
Dimensjonerande køyretøy	SP (L)	
Horisontalradius	min.60 m	
Frisikt	65 m	
Utviding av breidd i kurver 60<R<70	1,0m	
Utviding av breidd i kurver 70<R<125	0,75m	
Utviding av breidd i kurver 125<R<200	0,5m	
Klotoider (overgangskurver)	sjå handbok N100	
Overhøgð	sjå handbok N100	
Vertikalradius	min.400 m (250 m)	
Stigning	maks.80 ‰	
Stigning, lengd < 100 m,	maks.100 ‰	
Stigning i kryss m/tilkomstveg	maks.60 ‰	
Stigning i kryss m/hovudveg	maks.50 ‰	
Fall i lengderetning	min.5 ‰	
Detaljutføring		
Radius innerkant veg i kryss	min.10 m (8 m)	
Sikt i kryss målt inn frå vegkant og langs CL køyrebane	Sjå teikning nr 4	
Fri høgde	4,70 m	
Støyskjerming	Vert vurdert v/ÅDT>1750	
Gangbru/fotgjengarundergang	Vert vurdert i samsvar med VD Handbok N100	
Gangfelt	Vert vurdert v/ÅDT>1750, min .25 kryssande fotgj. i max. time	
Trafikkøy i gangfelt	breidd min. 2,0 m	
Trafikkøy i sideveg	Sa2-veg: ÅDT>1750 A2-veg: >100 bueiningar	
Venstre/høgresvingfelt	ÅDT>5000 (sjå handbok N100)	

Busslommer	ÅDT>1000
Avkøyrslar	
Frisikt i avkøyrslar ****	min 4 m x 1,2 LS
Stigning i avkøyrslar	horisontalt dei første 3 m frå vegkant.

(Tall i parentes gjeld for vegar dimensjonert for hastigheit 40 km/t og skal normalt ikkje verte nytta)

* Behov for gs-veg langs næringsveg vert vurdert særskild.

** Gs-veg vert nytta ved vdim > 50 km/t. Gåande og syklande vert skilt ved stigning større enn 80 ‰ og i overordna gs-veg nett.

*** Fortau vert nytta langs Sa1 og ved Sa2 vdim <40 km/t

****Enkeltavkøyrslar vert normalt ikkje tillate langs samleveg. (gjeld ikkje næringsveg)

3.4 Adkomstveg (tilkomsveg) A1 og A2

Normalprofilen	A1 >10 og <50 bueiningar	A2 >50 bueiningar
Reguleringsbreidd	8,0 m + siktutviding	12 m + siktutviding
Breidd på asfalt	4,0 m	5,0 m
Grusskuldar mot grøft	0,25 m	0,25 m
Asfaltskuldar mot rekkverk/ støypekant	0,50 m	0,50 m
Grøft	1,0 m	1,0 m
Fortau	>20 bueiningar skal ha fortau sjå A2	2,5 m breidde på asfalt 0,25 m grusskulder
Tverrfall/overhøgd	min./maks. 30/40 ‰	min./maks. 30/50 ‰
Byggeavstandar		
Avstandar frå bygning til reguleringsgrense veg/eigedomsgrense		
- bustad	min. 3,0 m	min. 3,0 m
- frittliggande garasje parallelt med veg	min. 3,0 m	min. 3,0 m
- garasje normalt på veg	min. 5,0 m	min. 5,0 m
Linjeføring		
Dimensjonerande hastigheit	30 km/t	30 km/t
Dimensjonerande køyretøy	LL	L
Snuplass	dim. for LL, stigning < 50‰	dim. for L, stigning < 50‰
Horisontalradius	min. 20 m	min. 20 m
Frisikt	30 m	30 m
Utviding av sikt i kurver R< 50m	1,5 m	0,75 m
Vertikalradius høgbrekk	min. 350 m	min. 120 m
Vertikalradius lågbrekk	min. 100 m	min. 100 m
Stigning	maks. 80 ‰	maks. 80 ‰
Stigning i kryss	maks. 70 ‰	maks. 70 ‰
Stigning mot hovud/samleveg	maks. 25‰ 8 m frå veikant hovud/samleveg	maks. 25‰ 8 m frå vegkant hovud/samleveg
Fall i lengderetning, min.	5 ‰	5 ‰
Detaljutføring		
Radius innerkant veg i kryss	min. 10 m	min. 8 m
Sikt i kryss (mellom boligvegar eller avkj. for meir enn 10 bueiningar) målt inn frå vegkant og langs CL køyrebane	10 m x LS mot venstre 4 m x LS mot høgre	10 m x LS mot venstre 4 m x LS mot høgre
Fri høgde	4,7 m (<4,7 m må skiltast)	4,7 m (<4,7 m må skiltast)
Avstand mellom møteplassar/ avkøyrslar	maks. 100 m	-
Parkering		
Parkeringsplassar, storleik	min. 2,5 x 5 m	
Handikap - plassar	4,5 x 5 m	

Manøvreringsareal	6 m	
Avkøyrslar		
Sikt i avkøyrslar for inntil 10 bueiningar, målt inn frå vegkant og langs CL køyrebane.	3 m x 30 m	3 m x 30 m
Stign. i avkøyrsel, maks.	sjå teikning nr 7	sjå teikning nr 7
Breidd på avkøyrslar ved eigedomsgrense, maks.	12 m	12 m
Avstand frå kryss til kant avkøyrsel, min.	10 m	min 10 m
Snuplass på eigen grunn	meir enn 4 bueiningar (frå og med 5. bueiningar)	

3.5 Gang-/sykkelveg (gs-veg)

Normalprofilet	
Reguleringsbreidde	min. 5,5 m
Asfaltbreidde sykkelbane, stigning < 80‰	2,75 m
Asfaltbreidde, stigning > 80‰ eller inngår i overordna gs-vegnett, der min. 1.5m er asfaltert fortau*	4.0 m
Grusskuldar mot grøft/rekkverk	0,25 m
Grøft/snøareal	1,0 m
Tverrfall	min./maks. 20/50 ‰
Byggeavstandar	
Avstand reg.grense bustad	min. 3,0 m
Avstand garasje parallelt veg	min. 3,0 m
Avstand garasje normalt på veg	min. 5,0 m
Linjeføring	
Dimensjonerande køyretøy	LL
Horisontalradius	min. 15 m
Frisikt	30 m
Vertikalradius høgbrekk	min. 50 m
Vertikalradius lågbrekk	min. 50 m
Stigning, lengde > 35m	maks. 80 ‰
Stigning, lengde < 35m	maks. 100 ‰
Anbefalt stigning på ramper til undergangar/gangbruer	maks.50 ‰
Detaljutforming	
Radius innerkant gs-veg i kryss	min. 10 m
Sikt i kryss, målt inn frå veg kant og langs CL gs-veg (gjelder i kryss med bilveg og i kryss mellom gangvegar)	sjå teikning nr 4
Sikt i kryss mellom gs-vegar ved undergangar	8x10 m
Sikt i avkøyrslar	2 m x LS
Fri høgde	3,0 m
Bredde/høgde i undergangar	min. 4,0 x 3,0 m

* Sykkelbane og fortau vert skilt med ikkje avvisande kantstein med høgde 5 cm.

3.6 Privat felles adkomstveg (tilkomstveg)

Normalprofilet	<9 bueiningar og mindre næringsområde
Reguleringsbreidd	min 5,0 m
Asfaltbreidd	min. 3,0 m
Grusskulder mot grøft	0,25 m
Grøft/snøareal	0,75 m
Linjeføring	
Dimensjonerande køyretøy	LL
Stigning, S, maks.	maks. 100 ‰
Stigning mot hovud/samleveg	horisontalt første 3 m frå vegkant adkomst/samleveg
Sikt i kryss (med bilveg) målt inn frå vegkant og langs CL køyrebane	4 m x LS mot venstre 4 m x LS mot høgre

3.7 Sentrumsområder

Frisikt i avkøyrslar mot fortau, målt frå og langsmed veggiv	2,5 x 2,5 m
Stigning/fall for avkøyrslar, målt frå fasadelinje	maks. 25‰ de første 5 m
Brote gatehjørne	2,5 x 2,5 m
Breidde på fortau ved ombygging og større vegarbeid	3,0 – 3,5 m
Baldakinar over fortau (krev særskild godkjenning)	utstikk frå veggiv maks. 2 m avstand baldakin – fortauskant min. 1 m fri høgde min. 3 m

VEDLEGG TIL VEGNORM 2015 – KLASSIFISERING AV VEGMURER – 7.10.2015

Klasse A-mur



Klasse B-mur



Klasse C-mur



Steinkant langs skjæring - sidetak



Statens vegvesen

Vegdirektoratet

NA-RUNDSKRIV NR. 97/12
1997-06-02

Statensvegvesen
Vegkontorene
Fylkeskommunene
Kommunene

Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres - ikrafttredelse av vegloven § 7

Det vises til Ot.prp. nr. 60 (1994-95) jfr. Innst. O. nr. 14 (1995-96) og Besl. O. nr. 17 (1995-96). Stortingets vedtak av 18. desember 1995 til lov om endringer i veglov av

21. juni 1963 nr. 23 ble sanksjonert av Kongen i statsråd den 1. mars 1996. Bestemmelser som legger vegmyndighet til kommune og fylkeskommune trådte i kraft 1. april 1996. Øvrige bestemmelser med unntak av §§ 7 og 11, trådte i kraft 1. juli 1996.

Ikrafttredelsen av vegloven § 7 var betinget av at departementet utarbeidet retningslinjer med tekniske krav til veg som skal omklassifiseres. Ikrafttredelsestidspunktet for § 7 ble derfor utsatt i påvente av slike retningslinjer. Retningslinjene ble godkjent av Samferdselsdepartementet 24. mars 1997.

I henhold til kongelig resolusjon av 4. april 1997 trådte vegloven § 7 i kraft den 15. april 1997.

Vegloven § 7 lyder:

”Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjøre vedtak om at riksveg skal leggest ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjøre vedtak om at fylkesveg skal leggest ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjøre vedtak om at kommunal veg skal leggest ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningslinjer gitt av departementet.”

Følgende retningslinjer skal legges til grunn ved omklassifisering av veg etter vegloven § 7:

Nedklassifisering av riksveger

Ved nedklassifisering av riksveger til fylkes- eller kommunal veg skal som grunnregel vegelementets tiltenkte funksjon tilfredsstilles. Ut over dette skal følgende krav til teknisk standard være ivarettatt:

Tunneler

- skadde plate- og betonghvelv og portaler skal være utbedret.
- løst fjell i tak og vegger skal være sikret.
- elektriske installasjoner skal virke.
- lamper skal skiftes ut dersom lysstyrken er under 70 % av nyverdi.
- tunnelen skal være rengjort.

Drenering

- grøfter skal være rensket dersom 1/3 av opprinnelig dybde er oppslammet.
- stikkrenner skal renskes dersom oppslamming overstiger 1/3 av høyden i renna
- kummer skal være tømt dersom oppslamming har nådd 10 cm fra avløp, det skal være fritt avløp inn/ut
- defekte stikkrenner, rør og kummer utbedres

Vegdekker

- dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å få spor dypere enn 25 mm i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å ha jevnhet dårligere enn 6 mm/m i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- sprekker som er bredere enn 10 mm skal forsegles.
- krakelerte partier skal vurderes særskilt og utbedres.
- grusveger skal oppgruses ved behov.
- vegskuldre skal være oppfylt i plan med vegbanen.

Murer

- skader som reduserer murens funksjon skal utbedres.

Støyskjermer

- vertikale skjevheter over 1:25 og horisontale skjevheter over 1:40 skal være utbedret.
- løse bord/mangler skal utbedres.
- dersom skjermen trenger overflatebehandling skal dette gjøres.

Fjellskjæringer

- synlige løse blokker og steiner skal fjernes eller boltes i samråd med geologisk ekspertise.

Grøntarealer og skråninger (innenfor vegens eiendomsgrenser)

- erosjonsskader og andre skader skal utbedres.
- gress og kratt skal være lavere enn 50 cm i siktsoner.

- kratt skal ikke være høyere enn 75 cm i etablerte soner for vilttrekk.

Kantstein

- minimumshøyden skal være minst 5 cm.

Rekkverk

- brukne stolper skal skiftes.
- utbøyning eller setninger større enn 20 cm fra opprinnelig horisontallinje skal utbedres.

Gjerder, inkl. viltgjerder og trafikkjerder

- synlige skjevheter og skader skal utbedres.

Belysningsanlegg

- lamper skiftes dersom lysstyrken er mindre enn 75 % av nyverdi.

Oppmerking

- vegene skal være oppmerket slik at mindre enn 20 meter av langsgående linjer er slitt bort.
- minst 50 % av annen oppmerking skal synes.

Kantstolper

- brukne stolper skal erstattes, skjevheter rettes opp.

Skilt

- skal minst være synlig på 100 meters avstand i soner med fart større enn 60 km/t.
- skal minst være synlig på 50 meters avstand i soner med fart mindre/lik 60 km/t.
- synlige skjevheter utbedres.

Bruer og kaier

- for bruer og kaier må det utføres inspeksjoner dersom dette ikke er gjort de siste 5 år. Utbedringer foretas i henhold til de skader som oppdages ved inspeksjonen.

Nedklassifisering av fylkesveg

Disse retningslinjene skal også følges når veger nedklassifiseres fra fylkesveg til kommunal veg. Det bør unngås at en veg som skal nedklassifiseres fra fylkesveg må opprustes til å ligge over det som er vanlig standard for de øvrige fylkesvegene. Slike avvik må begrunnes spesielt. Departementet har derfor adgang til å fravike disse reglene der fylkesvegnettet i

gjennomsnitt har en vesentlig lavere standard enn landsgjennomsnittet. Slike avvik må begrunnes spesielt.

Retningslinjene vil bli revidert i takt med framtidige revisjoner av Statens vegvesens retningslinjer for vedlikehold av riksveger HB. nr. 111 - Vedlikeholdsstandarder.

Nedlegging av veg

Når vegen nedlegges som offentlig veg og veggrunnen blir tatt over av private, stilles det ikke tekniske krav til standard dersom de private ønsker å bruke den nedlagte vegen.

Hovedregelen er at vegkonstruksjonen fjernes og at vegområdet tilpasses de stedlige forhold (natur).

Dersom Staten beholder veggrunnen vil området bli tilpasset de formål den ser behov for.

Finansiering av utbedringer før omklassifisering

Veger eller vegelementer som ikke tilfredsstiller kravene ved omklassifisering skal utbedres over drifts- og vedlikeholdsbudsjettet. Årsaken til dette er blant annet å forhindre for lav vedlikeholdsinnsats i tiden før nedklassifisering.

Med hilsen

Kjell Bjørvig
Etatsdirektør

Nils-Erik Bogsrud
Trafikkdirktør